Høgskolen i Telemark
Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

I

207 ØKONOMI/BUDSJETTERING

MANDAG 17. DESEMBER 2001

Tid:	5 timer (09.00-14.00)
Målform:	Bokmål/nynorsk
Sidetall:	Forside + 8
Hjelpemiddel:	Kalkulator m/ tomt minne
Merknader:	Finner du det nødvendig å gjøre noen forutsetninger i besvarelsen av enkeltspørsmål, bes disse presisert
Vedlegg:	Ingen
Info.:	Lykke til! Etter eksamen (fra kl 14 i dag og utover) vil du få løsningsforslag til oppgavene hvis du er interessert i det. Kontakt i så fall faglærer ved å møte opp på Hellandtunet, ringe tlf. 35 06 15 06 eller sende mail til lie@tmforskbo.no

BOKMÅL

Oppgave 1 (25 %)
Ekteparet Trine og Lars Furuvik hadde lenge tenkt å starte en forretning som i all hovedsak skulle basere seg på salg av hobbyartikler samt sports- og fritidsutstyr. I august 1999 var etableringen endelig en realitet – og navnet ble Hobby og Fritid A/S. "Startkapitalen" var skaffet til veie ved at paret hadde skutt inn aksjekapital for i alt 350.000 kr (175.000 kr på hver av dem) i tillegg til at det ble tatt opp et lån (i bedriftens navn) på 275.000 kr. Nedbetalingstiden til lånet var fastsatt til 5 år.

Disse "etableringsmidlene" ble anvendt til innkjøp av en varebil samt diverse inventar og utstyr for i alt 410.000 kr – mens restbeløpet ble plassert på en innskuddskonto som bedriften hadde fått etablert i sin lokale bankforbindelse.

a) Sett opp en riktig gruppert åpningsbalanse på grunnlag av opplysningene ovenfor. *(Hint: Ikke trekk inn noe som har med avskrivninger å gjøre, siden oppstillingen skal vise en "startbalanse".)* Er det noen av hovedgruppene i en "klassisk" balanserapport som ikke er representert, og i så fall hvilke(n)?

Årsresultatet i etableringsåret ble et overskudd på 385.000 kr. Det ble bestemt at ingenting av dette resultatet i oppstartsåret skulle utdeles som utbytte, dvs. avsettes til utbyttebetaling.

b) Hvor stor var den samlede egenkapitalen til selskapet per 31.12.99, og under hvilken hovedgruppe i balanseoppstillingen ville du ha funnet igjen det som *eventuelt* hadde blitt avsatt til utbytte-betaling?

I april 2000 skjedde det en kapitalutvidelse ved at en gruppe investorer (alle kjenninger av ekteparet Furuvik) kjøpte nye, utstedte aksjer i selskapet for i alt 250.000 kr. Årsresultatet i 2000 ble et overskudd på 560.000 kr; hvor ¼ (25 %) ble bestemt å gå til utbytte – mens resterende del skulle beholdes i selskapet.

c) Hvor stor var selskapets egenkapital per 31.12.00? Spesifiser også fordelingen mellom de to gruppene av egenkapitalkonti i utgående balanse for 2000.

Varekjøpet til selskapet i 2000 utgjorde i alt 2.105.000 kr, mens verdien av varebeholdningen var 40.000 kr *lavere* per 31.12.00 enn ved det foregående årsskiftet.

d) Hvor mye utgjorde vare*forbruket* i 2000, og gir denne størrelsen uttrykk for varekostnadene eller vareutgiftene i aktuell periode? Er det generelt kostnader eller utgifter som skal måles opp mot periodens inntekter i et resultatregnskap ført etter regnskapsloven?

Selskapet har en del kredittsalg. Ledelsen fant raskt ut at det var nødvendig å ta høyde for at ikke alle kunder er like flinke og pålitelige betalere. Selskapet har alt erfart konkurs eller annen betalings-innstilling blant tre av deres kunder. I denne forbindelse registrerte selskapet 18.000 kr som faktisk, konstaterte tap på kundefordringer i 2000. Balansekontoen "Avsetning til tap på fordringer" stod i –22.000 kr per 01.01.00 og –19.000 kr per 31.12.00.

e) Hvor mye ble kostnadsført på kontoen "Tap på krav" i selskapets resultatregnskap for 2000?

Tenk deg heller at verdien av varebeholdningen (-lageret) ved årets slutt hadde vært 40.000 kr *høyere* (og ikke 40.000 kr lavere) enn ved inngangen til 2000, og at avsetningen til tap på fordringer heller hadde *økt* med 3.000 kr fra 01.01.00 til 31.12.00. Alt annet forutsettes likt.

f) Hvor mye dårligere eller bedre ville da selskapets driftsresultat i 2000 ha blitt?

Oppgave 2 (25 %)
Hobby og Fritid A/S eier ikke lokalene sine. Leie betales *forskuddsvis* for tre måneder av gangen. Forfallsdatoene er 01.03, 01.06, 01.09 og 01.12. Per 01.12.00 betalte bedriften et terminbeløp på 18.600 kr i samsvar med det husleiekontrakten regulerte. (Det var ikke fastsatt noen regulering av leien med virkning fra årsskiftet 2000/01, så du kan legge til grunn samme, månedlige leiebeløp i den aktuelle perioden.)

a) Oppgi hvor stor del av husleiebetalingen per 01.12.00 som ble kostnadsført i 2000? Er det noe i balanseoppstillingen per 31.12.00 som får synliggjort denne forskuddsbetalingen (som krav eller forpliktelse), og i så fall med hvilket beløp til debet eller kredit?

Lånet nevnt innledningsvis i oppgave 1, har kvartalsvise terminforfall (for øvrig på de samme tidspunktene som husleien). Rentene på lånet beregnes og betales *etterskuddsvis*. Av årsoppgaven fra långiver (banken) gikk det bl.a. frem at 1.650 kr hadde *påløpt* i renter fra siste terminforfall 01.12.00 og fram til årsskiftet (31.12.00).

b) Hvilket prinsipp "styrer" (bestemmer) at disse påløpte rentene i desember skal kostnadsføres i resultatregnskapet for 2000? Ble *drifts*resultatet for 2000 påvirket av denne kostnadsføringen?
c) Under hvilken hovedgruppe i balansen ville du finne igjen motposten (-kontoen) til kostnadsføringen i spørsmål b)? Hva kalles prinsippet som sørger for at det i registreringen av enhver "hendelse" føres like mye til debet (+) som til kredit (-)?

For den siste avgiftsterminen i 2000 var det registrert
- ✓ 46.125 kr til debet på konto for inngående merverdiavgift,
- ✓ 55.010 kr til kredit på konto for utgående merverdiavgift og
- ✓ 6.300 kr til kredit på konto for investeringsavgift.

d) Leser du denne oppstillingen som at selskapet ble skyldig eller fikk penger til gode i forbindelse med avgiftsoppgjøret for 6. termin (november og desember) 2000, og med hvor stort beløp?
e) Vil størrelsen (saldo) på kontoene for kundefordringer og leverandørgjeld generelt avhenge av størrelsen på hhv. utgående merverdiavgift på tilhørende kredittsalg og inngående merverdiavgift på aktuelt kredittkjøp? *Gi en kort begrunnelse.*

Investeringsavgiften ovenfor var knyttet til én bestemt maskinanskaffelse helt på tampen av året. Kjøpet beløp seg til 90.000 kr eksklusive merverdiavgift, og ble aktivert (dvs. ført opp i bedriftens balanse). Bedriftsledelsen la til grunn 10 år som økonomisk levetid på maskinen.

f) Med hvilken verdi ble investeringen aktivert - og hva legger du dermed til grunn som årlige, lineære avskrivninger på maskinen? Påvirker avskrivninger driftsresultatet, eller kommer denne kostnaden inn "lengre nede" i resultatoppstillingen?

Oppgave 3 (20 %)
Tabellen nedenfor viser balanseoppstillingen til *Hjemme-Pizza A/S* per 31.12.00: (Det er bare sum-tall for de fem hovedgruppene som oppgis; med unntak for egenkapitalen hvor den ene delen (gruppen) er spesifisert. Bokført verdi er oppgitt med aktuelt fortegn. *Navnet på to av hovedgruppene framgår ikke*, siden dette ønskes oppgitt som en del av svaret på spørsmål a) nedenfor.)

Hovedgruppe	*Verdi (i 1.000 kr)*
Anleggsmidler	13.150
?	6.080
Egenkapital	-5.525
Herav innskutt egenkapital (aksjekapital)	-1.500
Langsiktig gjeld	-9.250
?	-4.455

a) Hva kalles den egenkapital-gruppen som *ikke* er spesifisert ovenfor, og hva heter de to hovedgruppene som *ikke* er oppgitt navnet på i oppstillingen?
b) Hvor mye utgjorde sum eiendeler per 31.12.00, og hvilke av hovedgruppene gir uttrykk for det vi kan kalle fremmedfinansieringen eller fremmedkapitalen?

Tenk deg at følgende syv momenter var de siste "hendelsene" som ble ført i regnskapsavslutningen for 2000 (*før* registreringene av skattekostnaden og anvendelsen av overskuddet). Saldobalansen *før* registreringen av de syv momentene *og* skattekostnaden, viste at inntektene overskred kostnadene med 220.000 kr.

Hendelse	*Aktuelt beløp*
1. Kredittsalg i romjula	27.000
2. Påløpne, ikke-forfalte renter på lån	7.000
3. Påløpte feriepenger inkl. arbeidsgiveravgift av feriepengene	10.000
4. Korrigering/nedjustering av avskrivninger	15.000
5. Føring mot konto "Avsetning til tap på fordringer" i balansen slik at denne per 31.12.00 stod i →	-16.000*
6. Føring mot konto "Varer" i balansen slik at varelageret per 31.12.00 var større enn verdien av varebeholdningen ved det foregående årsskiftet, med kr →	45.000
7. Godskriving av renter på bankinnskudd for perioden nov.-des. i 2000	14.000

*): Kontoen stod i –12.000 per 01.01.00.

c) Hvilke av disse "hendelsene" (momentene) bidro til en forbedring av årsresultatet for 2000, og hvilke til en forverring? (*Alle syv har resultateffekt.*)

Skattekostnaden for 2000 ble i sin helhet ført *etter* registreringen av de syv momentene. Kostnaden ble fastsatt/beregnet til 84.000 kr, tilsvarende 28 % av resultatet før skatt.

d) Hvor stort var selskapets årsresultat i 2000? (*Spesifiser hvordan du kommer fram til beløpet på grunnlag av de momentene og opplysningene som framgår ovenfor.*)

Oppgave 4 (30 %)
a) I hvilken del av et kommunalt årsbudsjett (-regnskap) hører skatteinntekter og statlige rammeoverføringer (-tilskudd) hjemme? Hva brukes som en generell betegnelse på skatt og rammetilskudd som "type" inntekter?

Budsjett- og regnskapstallene nedenfor er hentet fra aktiviteten til Blåsen kommunale musikk- og kulturskole i 2000. Tallene er i hele 1.000 kr, og oppgitt med aktuelt fortegn.

Musikk- og kulturskolen	***Regnskap***	***Budsjett***
Samlede driftsinntekter	-1.375	-1.395
Herav foreldrebetaling og statstilskudd	-1.345	-1.360
Netto driftsutgifter i alt	465	450

b) Hvor store var de *samlede*, regnskapsførte drifts*utgiftene* for musikk- og kulturskolen i 2000? Vil du si at en slik utgiftsstørrelse gir uttrykk for det vi kan kalle kommunens egenfinansiering ("egenandel") av vedkommende tilbud/aktivitet?
c) Oppfatter du statstilskuddet til denne aktiviteten som en del av rammeoverføringene eller som en annen type overføring fra staten til kommunen?

Tenk deg at du dette året har vært engasjert som leder ved et kommunalt turistinformasjonskontor, og at du i oktober ble bedt om å forberede en økonomioppfølgingssak (dvs. utrede behovet for eventuelle justeringer av inneværende års driftsbudsjett for kontoret). Etter en del forarbeid har du kunnet legge fram følgende oversikt (i 1.000 kr, målt i kroneverdien/prisnivået inneværende år):

Utgifts-/inntektsposter	*Forventet regnskap 2001*	*Oppr., ikke-justert budsjett 2001*
Lønn	485	430
Andre driftsutgifter	105	110
Salgsinntekter	-54	-45
Andre driftsinntekter	-22	-5

d) Hvor mye ville det være behov for å justere utgiftssiden i budsjettet med, og med hvor stort beløp kunne inntektssiden justeres? Oppstod det dermed et finansieringsbehov eller ble det midler "til overs" som følge av disse justeringene?

Senere i høst har du utarbeidet et budsjettforslag for driften ved turistinformasjonskontoret i 2002. Du har vært nødt til å holde deg innenfor en såkalt *nettoramme* på 510. Rammen er målt (uttrykt) i det vi kan kalle 2002-kroner, dvs. at det er bakt inn/tatt høyde for forventet lønns- og prisstigning. Budsjettforslaget ditt ser slik ut:

Utgifts-/inntektsposter	*Forslag til budsjett 2002*
Lønn	453
Andre driftsutgifter	112
Salgsinntekter	-49
Andre driftsinntekter	-6

e) Hva vil du generelt si om forslaget, sett i lys av at de forventede regnskapstallene for inneværende år synes å gjenspeile en "normalaktivitet"?

Du foreslår dessuten at det avsettes (bevilges) 150 til en ombygging og utvidelse av lokalene til turistinformasjonen. Både du og andre i kommuneadministrasjonen synes det *ikke* er relevant å føre opp disse utgiftene i den delen av budsjettet som (netto) ikke skal overskride 510 for ditt ansvarsområde. Du har da heller ikke bakt inn utgiftene til dette tiltaket i det budsjettforslaget som er gjengitt ovenfor.

f) I hvilken del av årsbudsjettet mener du disse utgiftene hører hjemme, og nevn noen typiske finansieringskilder for slike utgifter?

NYNORSK

Oppgåve 1 (25 %)
Ekteparet Trine og Lars Furuvik hadde lenge tenkt å starte ein forretning som i all hovudsak skulle basere seg på sal av hobbyartiklar samt sports- og fritidsutstyr. I august 1999 var etableringa endeleg ein realitet – og namnet blei Hobby og Fritid A/S. "Startkapitalen" var komen til ved at paret hadde skote inn aksjekapital for i alt 350.000 kr (175.000 kr på kvar av dei) i tillegg til at det blei teke opp eit lån (i bedriften sitt namn) på 275.000 kr. Nedbetalingstida til lånet var fastsatt til 5 år.

Desse "etableringsmidlane" blei bruka til innkjøp av ein varebil samt diverse inventar og utstyr for i alt 410.000 kr – medan restbeløpet blei plassert på ein innskotskonto som bedriften hadde fått etablert i sin lokale bank.

a) Sett opp ein riktig gruppert åpningsbalanse på grunnlag av opplysningane ovanfor. *(Hint: Ikkje trekk inn noko som har med avskrivingar å gjere, sidan oppstillinga skal vise ein "startbalanse".)* Er det nokre av hovudgruppene i ein "klassisk" balanserapport som ikkje er representert, og i så fall kven?

Årsresultatet i etableringsåret blei eit overskot på 385.000 kr. Det blei bestemt at ingenting av dette resultatet i oppstartsåret skulle delast ut som utbytte, dvs. verte avsett til utbyttebetaling.

b) Kor stor var den samla eigenkapitalen til selskapet per 31.12.99, og under kva for ei hovudgruppe i balanseoppstillinga ville du ha funne igjen det som *eventuelt* hadde blitt avsett til utbytte-betaling?

I april 2000 skjedde det ei kapitalutviding ved at ei gruppe investorar (alle kjenningar av ekteparet Furuvik) kjøpte nye, utstedte aksjar i selskapet for i alt 250.000 kr. Årsresultatet i 2000 blei eit overskot på 560.000 kr; der ¼ (25 %) blei bestemt å gå til utbytte – medan resterande del skulle haldast tilbake i selskapet.

c) Kor stor var selskapet sin eigenkapital per 31.12.00? Spesifiser også fordelinga mellom dei to gruppene av eigenkapitalkonti i utgåande balanse for 2000.

Varekjøpet til selskapet i 2000 utgjorde i alt 2.105.000 kr, medan verdien av varebehaldningen var 40.000 kr *lågare* per 31.12.00 enn ved det føregåande årsskiftet.

d) Kor mykje utgjorde vare*forbruket* i 2000, og gjev denne storleiken uttrykk for varekostnadene eller vareutgiftene i aktuell periode? Er det generelt kostnader eller utgifter som skal målast opp mot perioden sine inntekter i ein resultatrekneskap ført etter rekneskapslova?

Selskapet har ein del kredittsal. Leiinga fant raskt ut at det var nødvendig å ta høgde for at ikkje alle kundar er like flinke og pålitelege betalerar. Selskapet har alt erfart konkurs eller annan betalings-innstilling blant tre av kundene deira. I denne samanheng registrerte selskapet 18.000 kr som faktisk, konstaterte tap på kundefordringar i 2000. Balansekontoen "Avsetjing til tap på fordringar" stod i –22.000 kr per 01.01.00 og –19.000 kr per 31.12.00.

e) Kor mykje blei kostnadsført på kontoen "Tap på krav" i selskapet sin resultatrekneskap for 2000?

Tenk deg heller at verdien av varebehaldningen (-lageret) ved slutten av året hadde vore 40.000 kr *høgare* (og ikkje 40.000 kr lågare) enn ved inngangen til 2000, og at avsetjinga til tap på fordringar heller hadde auka med 3.000 kr frå 01.01.00 til 31.12.00. Alt anna vert forutsett likt.

f) Kor mykje dårlegare eller betre ville då driftsresultatet til selskapet i 2000 ha blitt?

Oppgåve 2 (25 %)
Hobby og Fritid A/S eig ikkje lokala sine. Leige betalast *forskottsvis* for tre månader av gangen. Forfallsdatoane er 01.03, 01.06, 01.09 og 01.12. Per 01.12.00 betalte bedriften eit terminbeløp på 18.600 kr i samsvar med det husleigekontrakten regulerte. (Det var ikkje fastsatt nokon regulering av leiga med verknad frå årsskiftet 2000/01, så du kan leggje til grunn same leigebeløp per månad i den aktuelle perioden.)

a) Oppgi kor stor del av husleigebetalinga per 01.12.00 som blei kostnadsført i 2000? Er det noko i balanseoppstillinga per 31.12.00 som får synleggjort denne forskottssbetalinga (som krav eller forpliktelse), og i så fall med kva for eit beløp til debet eller kredit?

Lånet nemnt innleiingsvis i oppgåve 1, har kvartalsvise terminforfall (for øvrig på dei same tidspunkta som husleiga). Rentene på lånet vert utrekna og betalt *etterskottsvis*. Av årsoppgåva frå långjevar (banken) gikk det bl.a. fram at 1.650 kr hadde *påløpt* i renter frå siste terminforfall 01.12.00 og fram til årsskiftet (31.12.00).

b) Kva for eitt prinsipp "styrer" (bestemmer) at desse påløpte rentene i desember skal kostnadsførast i resultatrekneskapen for 2000? Blei *drifts*resultatet for 2000 påvirka av denne kostnadsføringa?
c) Under kva for ei hovudgruppe i balansen ville du finne igjen motposten (-kontoen) til kostnadsføringa i spørsmål b)? Kva kallast prinsippet som syter for at det i registreringa av ei kvar "hending" førast like mykje til debet (+) som til kredit (-)?

For den siste avgiftsterminen i 2000 var det registrert
- ✓ 46.125 kr til debet på konto for inngåande meirverdiavgift,
- ✓ 55.010 kr til kredit på konto for utgåande meirverdiavgift og
- ✓ 6.300 kr til kredit på konto for investeringsavgift.

d) Les du denne oppstillinga som at selskapet blei skuldig eller fekk pengar til gode i samband med avgiftsoppgjeret for 6. termin (november og desember) 2000, og med kor stort beløp?
e) Vil storleiken (saldo) på kontoane for kundefordringar og leverandørgjeld generelt avhenge av storleiken på høvesvis utgåande meirverdiavgift på tilhøyrande kredittsal og inngåande meirverdiavgift på aktuelt kredittkjøp? *Gje ei kort grunngjeving.*

Investeringsavgifta ovanfor var knytta til eitt bestemt maskinkjøp heilt på tampen av året. Prisen på maskinen var 90.000 kr eksklusive meirverdiavgift, og kjøpet blei aktivert (dvs. ført opp i balansen til bedriften). Bedriftsleiinga la til grunn 10 år som økonomisk levetid på maskinen.

f) Med kva for ein verdi blei investeringa aktivert - og kva legg du dermed til grunn som årlege, lineære avskrivingar på maskinen? Påverkar avskrivingar driftsresultatet, eller kjem denne kostnaden inn "lengre nede" i resultatoppstillinga?

Oppgåve 3 (20 %)
Tabellen nedanfor viser balanseoppstillinga til *Hjemme-Pizza A/S* per 31.12.00: (Det er bare sum-tal for dei fem hovudgruppene som framgår; med unntak for eigenkapitalen der den eine delen (gruppa) er spesifisert. Bokført verdi er oppgjeve med aktuelt forteikn. *Namnet på to av hovudgruppene framgår ikkje*, sidan dette ynskjast oppgjeve som ein del av svaret på spørsmål a) nedanfor.)

Hovudgruppe	*Verdi (i 1.000 kr)*
Anleggsmidlar	13.150
?	6.080
Eigenkapital	-5.525
Herav innskoten eigenkapital (aksjekapital)	-1.500
Langsiktig gjeld	-9.250
?	-4.455

a) Kva kallast den eigenkapital-gruppa som *ikkje* er spesifisert ovanfor, og kva heiter dei to hovudgruppene som *ikkje* er oppgjeve navnet på i oppstillinga?
b) Kor mykje utgjorde sum eigendelar per 31.12.00, og kven av hovdgruppene gir uttrykk for det vi kan kalle framandfinansieringa eller framandkapitalen?

Tenk deg at fylgjande sju moment var dei siste "hendingane" som blei ført i rekneskapsavslutninga for 2000 (*før* registreringane av skattekostnaden og disponeringa av overskotet). Saldobalansen *før* registreringa av dei sju momenta *og* skattekostnaden, viste at inntektene oversteig kostnadene med 220.000 kr.

Hending	*Aktuelt beløp*
1. Kredittsal i romjula	27.000
2. Påløpne, ikkje-forfalte renter på lån	7.000
3. Påløpte feriepengar inkl. arbeidsgjevaravgift av feriepengane	10.000
4. Korrigering/nedjustering av avskrivingar	15.000
5. Føring mot konto "Avsetjing til tap på fordringar" i balansen slik at denne per 31.12.00 stod i →	-16.000*
6. Føring mot konto "Varer" i balansen slik at varelageret per 31.12.00 var større enn verdien av varebehaldningen ved det føregående årsskiftet, med kr →	45.000
7. Godskriving av renter på bankinnskot for perioden nov.-des. i 2000	14.000

*): Kontoen stod i –12.000 per 01.01.00.

c) Kven av desse "hendingane" (momenta) bidro til ei forbetring av årsresultatet for 2000, og kven til ei forverring? (*Alle sju har resultateffekt.*)

Skattekostnaden for 2000 blei i sin heilhet ført *etter* registreringa av dei sju momenta. Kostnaden blei fastsett/utrekna til 84.000 kr, tilsvarande 28 % av resultatet før skatt.

d) Kor stort var årsresultatet til selskapet i 2000? (*Spesifiser korleis du kjem fram til beløpet på grunnlag av dei momenta og opplysningane som framgår ovanfor.*)

Oppgåve 4 (30 %)

a) I kva for ein del av eit kommunalt årsbudsjett (-rekneskap) høyrer skatteinntekter og statlege rammeoverføringar (-tilskot) heime? Kva brukast som eit generelt namn på skatt og rammetilskot som "type" inntekter?

Budsjett- og rekneskapstala nedanfor er henta frå aktiviteten til Blåsen kommunale musikk- og kulturskole i 2000. Tala er i heile 1.000 kr, og oppgjeve med aktuelt forteikn.

Musikk- og kulturskolen	***Rekneskap***	***Budsjett***
Samla driftsinntekter	-1.375	-1.395
Herav foreldrebetaling og statstilskot	-1.345	-1.360
Netto driftsutgifter i alt	465	450

b) Kor store var dei *samla*, rekneskapsførte drifts*utgiftene* for musikk- og kulturskolen i 2000? Vil du si at ein slik utgiftsstorleik gir uttrykk for det vi kan kalle kommunen si eigenfinansiering ("eigenandel") av vedkomande tilbod/aktivitet?
c) Oppfattar du statstilskotet til denne aktiviteten som ein del av rammeoverføringane eller som ei anna type overføring frå staten til kommunen?

Tenk deg at du dette året har vore engasjert som leiar ved eit kommunalt turistinformasjonskontor, og at du i oktober blei beden om å førebu ei økonomioppfylgjingssak (dvs. utreie behovet for eventuelle justeringar av inneverande års driftsbudsjett for kontoret). Etter ein del forarbeid har du kunne lagt fram fylgjande oversikt (i 1.000 kr, målt i kroneverdien/prisnivået inneverande år):

Utgifts-/inntektspostar	*Forventa rekneskap 2001*	*Oppr., ikkje-justert budsjett 2001*
Løn	485	430
Andre driftsutgifter	105	110
Salsinntekter	-54	-45
Andre driftsinntekter	-22	-5

d) Kor mykje ville det vere behov for å justere utgiftssida i budsjettet med, og med kor stort beløp kunne inntektssida justerast? Oppstod det dermed eit finansieringsbehov eller blei det midlar "til overs" som fylgje av desse justeringane?

Seinare i høst har du utarbeida eit budsjettforslag for drifta ved turistinformasjonskontoret i 2002. Du har vore nødt til å hålde deg innanfor ei såkalt *nettoramme* på 510. Ramma er målt (uttrykt) i det vi kan kalle 2002-kroner, dvs. at det er baka inn/tatt høgde for forventa løns- og prisstiging. Budsjettforslaget ditt ser slik ut:

Utgifts-/inntektspostar	*Forslag til budsjett 2002*
Løn	453
Andre driftsutgifter	112
Salsinntekter	-49
Andre driftsinntekter	-6

e) Kva vil du generelt si om forslaget, sett i lys av at dei forventa rekneskapstala for inneverande år synes å gjenspegle ein "normalaktivitet"?

Du foreslår dessutan at det vert avsett (løyvd) 150 til ei ombygging og utviding av lokala til turistinformasjonen. Både du og andre i kommuneadministrasjonen synes det *ikkje* er relevant å føre opp desse utgiftene i den delen av budsjettet som (netto) ikkje skal overskride 510 for ditt ansvarsområde. Du har då heller ikkje bakt inn utgiftene til dette tiltaket i det budsjettforslaget som er gjengjeve ovanfor.

f) I kva for ein del av årsbudsjettet meiner du desse utgiftene høyrer heime, og nemn nokre typiske finansieringskjelder for slike utgifter?